




VERET I OS OG FUSA:


Nymåne ● Veksande ◐ Fullmåne ○ Minkande ◑




IDAG 10°



I MORGON 10°



MÅNDAG 10°



TYS DAG 10°



ONSDAG 10°



TORS DAG 10°

FLO	IDAG	I MORGON	MÅNDAG	TYS DAG	ONSDAG
Kl.	01.40	02.19	03.04	03.56	04.58
Kl.	13.59	14.39	15.25	16.18	17.22
FJÆRE	IDAG	I MORGON	MÅNDAG	TYS DAG	ONSDAG
Kl.	07.30	08.04	08.44	09.36	10.51
Kl.	19.48	20.26	21.14	22.20	23.50
SOL	IDAG	I MORGON	MÅNDAG	TYS DAG	ONSDAG
Opp	08.22	08.24	08.27	08.29	08.32
Ned	18.24	18.21	18.18	18.15	18.13

Rotekte Nore Neset-dagar

Aktivitetar og underhaldning står i sentrum når det vert invitert til Nore Neset Dagane denne helga.

KENNETH SVENNINGSEN
kenneth.svenningsen@osogfusa.no

- Det blir Nore Neset Dagane slik me brukte å ha dei før Osmesse-tida, seier dagleg leiar i Nore Neset Aktivitetshus, Karin Bøyum.

Av praktiske grunnar har Nore Neset Aktivitetshus (NNA) i år nemleg bestemt seg for å droppa messe-delen.

- Det handlar om kapasitet og tid til planlegging. På sikt ser me at me er betre tent med å berre ha Osmessa annakvart år, seier Bøyum.

Trikseframsyning

Men aktivitetar vert det som alltid mykje av. Både for born, ungdom og vaksne.

- Me føler me har fått i stand eit variert og morosamt program. Både for dei som vil vera aktive sjølv, og for dei som berre vil koma for å vera ikkje-deltakande publikum, seier Bøyum.

Utandørs vert det brikkeløp med Os orienteringsklubb og radiobilkøyring på radiobilbanen med Jostein Helland og resten av gjengen i Bergen og Omegn radiobilklubb.

I tillegg vert det 9-ar cup på fotballbanen for jenter 12-lag. Her debuterar Nore Neset, Søre Neset og Lysekloster sitt samanslåtte jenter 2003-lag. Gjestelag er Fana Svanen, Fana Venus og Nymark.

Elles vert det denne gongen



Dagleg leiar i NNA, Karin Bøyum, gler seg over finværet som er meldt. - Då blir det kjekt både inne og ute, seier Bøyum.



Det vert rikeleg med leik moro og godt å eta under Nore Neset Dagane til helga. (Arkivfoto: Øystein Lid)

berre ei turutgåve av Liafjellet opp.

- Nore Neset IL har ytra ønske om at Opptur Motbakkeklubb overtek løpet som sådan, så steller dei heller til ein litt mindre konkurranseprega tur no i samband med NN-dagane, seier Bøyum.

Av underhaldning utandørs er det kanskje triksekongen Sondre Ødegård Aksnes, som vil dra flest tilskodarar. Den 16 år gamle fotballsjongløren frå Os får også med seg ein kompis på trikseframsyninga.

Luftgitarkonkurranse

Inne i Nore Neset-hallen vert det fullt program både i dag og i morgon.

- Mange vil sikkert gleda seg over fotoutstillinga til Os Fotoklubb og Tynes Fotoklubb. Eg har sett fleire av bileta, og dei er gode, skryter Bøyum.

Blant dei som skal opptre nemner ho cheerleading-gjengen i «CheeriOs», dansegruppa «Tag The Floor» og Nornekoret.

- Dessutan kjem Os Rockeklubb til å arrangera luftgitar-konkurranse. Med Kjetil Osablod Grønvigh & Co som konkurranse-ansvarlege blir det sikkert eit artig innslag, seier NNA-sjefen.

Sjølv om det er meldt fint vær for heile helga, vert det også eit par inneaktivitetar. Blant desse: Lasarskyting ved Os Skyttarlag, og klatrevegg-klatring med Os Turlag.

Sjørøvarar og coverband

Til sceneunderhaldning har NNA noko for dei minste og noko for dei noko større.

- I kveld vert det dans i Symrasalen. Musikken vert servert av coverbandet «Undercover» med blant andre osingane Olav Skorpen og Eirik Søfteland.

I hallen vert det fullt sjørøvarshow for dei minste med Tommy Sulen og Tron Jensen sin framsyning «Kaptein Skrekk og Kaptein Jojo's sjørøvershow».



Os Skyttarlag er på plass med lasarskytings-utstyret. Her frå då Steinar Eidsvik instruerte i forfjor.



GRATIS APP:
Les avisa digitalt på PC/Mac, mobil eller nettbrett.

KONTORTIDER: Måndag - fredag: kl. 8.30-16.00
Laurdag stengt.



Twitter: @Osogfusaposten
Instagram: #osogfusaposten
Facebook: facebook.com/osogfusaposten